



Arkivsaknr: 2024/11592-1
Sakshandsamar: Anders Olav Dale
Avdeling: Kulturutvikling, idrett og frivillighet

SAKSFRAMLEGG

Spelemidler, prioritering 2025

Utvalssak	Utval	Møtedato
	Utval for næring, kultur og idrett	
	Kommunestyret	

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Alver kommunestyre godkjenner prioritering av spelemidler 2025 slik det ligg føre i saka.

Politisk handsaming

Saka skal til innstilling i utval for næring, kultur og idrett.

Saka skal avgjerast i kommunestyret.

Saka gjeld

Spelemidler er ei tilskotsordning for bygging og rehabilitering av anlegg for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet. Midlane er overskot frå Norsk Tipping. Det kan søkjast om støtte til ordinære anlegg, og til nærmiljøanlegg. Ordinære anlegg er anlegg for organisert, og eigenorganisert idrett, og fysisk aktivitet. Nærmiljøanlegg er anlegg, eller område, for eigenorganisert fysisk aktivitet, som ligg knytt til bu- og/eller opphaldsområde. Berre utandørsanlegg kan vera nærmiljøanlegg.

Alle spelemiddelsøknader som omhandlar ordinære anlegg skal vere omtalt i kommunal plan for idrett og fysisk aktivitet (anleggsstrategien), samt prioriterast gjennom eit politisk fatta vedtak. Kravet om omtale i kommunal plan gjeld ikkje for nærmiljøanlegg, men me ønskjer likevel å ha dei med i oversikta, og oppmodar tiltakshavarar til å melde inn sine prosjekt i forkant. Dette er med og sikrar betre rammer for prioritering mellom slike typar anlegg, samt ei meir føreseieleg rettleiings- og sakshandsamingsperiode for søkar. Fylkeskommunen står for endeleg tildeling ut i frå ramme gitt av Kulturdepartementet.

Det er kome inn 17 søknader om tilskot til ordinære anlegg, og 3 søknader om tilskot til nærmiljøanlegg i Alver kommune. Søknadsprioriteringa er i samsvar med Anleggsstrategien. Strategien vart sist rullert i kommunestyret 31.oktober, sak 2024/5982.

Uttale frå Alver idrettsråd er mottatt per e-post. Alver Idrettsråd støttar framlegget til prioritering slik det ligg føre i saka.

Saksopplysningar

Ordinære anlegg

Eit ordinært anlegg kan få inntil 1/3 av godkjend kostnad i tilskot frå spelemidlane. I ordninga for ordinære anlegg må ein, pga. kø i ordninga, søkja minst tre gonger (tre påfølgande år) for kvart anlegg før ein kan få tildelt midlar. Dette gjeld uavhengig av kommunen si prioritering av innkomne søknader. Alle søknader må likevel stå på prioriteringslista, sjølv om dei ikkje kan få tilskot dette året.

Søknadene er prioriterte ut frå om dei er i posisjon til å få utbetaling etter tre års minste ventetid, og *Anleggsstrategi for Alver* sitt prinsipp om balanse av mellom private og offentleg søknader.

Kommunedirektøren foreslår følgjande prioritering av innkomne søknader for ordinære anlegg:

Pri.	Anlegg	Stad	Søkar	Første søknadsår	Søknadssum
1	Fleirbrukshall	Alversund	Alver kommune	2020	10 500 000,- (3 500 000 delutbetalt i 2024)
2	Rehabilitering basseng og bygningsmasse	Radøyhallen	Alver kommune	2020	257 000,-
3	Buldreanlegg	Knarvik Arena	Alver kommune	2020	300 000,-
4	Rehabilitering kunstgrasbane II, 11'ar + lysanlegg	Fossemyra	IL Kvernbit	2022	1 700 000,-
5	Turpadling brygge	Vikebø	Alver kommune	2020	60 000,-
6	Aktivitetssal	Sagstad skule	Alver kommune	2020	1 049 000,-
7	Rehabilitering kunstgrasbane, 11'ar	Knarvik	Alver kommune	2022	1 000 000,-
8	Standplass og skyteskiver	Stokkedalen	Nordhordland jakt og fiskelag	2022	674 000,-
9	Rehabilitering kunstgrasbane, 7'ar	Knarvik	Alver kommune	2023	600 000,-
10	Rehabilitering kunstgrasbane, 11'ar + lysanlegg	Ostereidet	Alver kommune	2023	1 700 000,-

11	Bygging av lager/garasjebygg for kajakk	Fossemyra	IL Kvernbit	2024	542 000,-
12	Standplass og skyteskiver på riflebane 100m	Espetveit	Meland skyttarlag	2024	554 000,-
13	Aktivitetspark	Meieriet, Frekhaug	Alver kommune	2025	200 000,-
14	Steintrapp	Eldsfjellet	Alver kommune	2025	500 000,-
15	Rehabilitering kunstgrasbane 11'ar + lysanlegg	Leirdalen	Alver kommune	2025	1 400 000,- + 700 000,-
16	Rehabilitering kunstgrasbane	Alversund	Alver kommune	2025	600 000,-
17	Rehabilitering kunstgrasbane	Seim	Alver kommune	2025	850 000,-
					Tot. kr 19 686 000

Nærmiljøanlegg

Eit nærmiljøanlegg kan få inntil 50 % av godkjend kostnad i tilskot frå spelemidlane, men med maks tilskotssum på kr 300 000. I denne ordninga kan ein få tilskot første gong ein søker. Kommunen si prioritering, og den totale ramma i fylket vert såleis avgjerande for kva anlegg som får midlar. Prioriteringa under er i tråd med prioriteringsrekkefølgja i *Anleggsstrategi for Alver*.

Kommunedirektøren foreslår følgjande prioritering av innkomne søknader for nærmiljøanlegg:

Pri.	Anlegg	Stad	Søkar	Første søknadsår	Søknadssum
1	Ball/-aktivitetsflate	Grasdal skule	Heiane vel.	2025	300 000,-
2	Diskgolfbane	Lindås	Lindås IL	2025	250 000,-
3	Fleiraktivitetsområde	Knarvik	Rabben vel.	2025	115 000,-
					665 000,-

Oversyn tidlegare års tildelingar

Ordinære anlegg 2024

Søklar	Søknad	Tildelt
Nordre Holsnøy IL	Leirdalen, kunstgras 9'ar bane	669 000,-
Alver kommune	Alverhallen, basisdel	4 000 000,-
Alver kommune	Alverhallen, fleirbruksdel	3 500 000,- (delutbetaling)
Alver kommune	Byngja, turveg med trepromenade	1 000 000,-
		9 169 000,-

Nærmiljøanlegg 2024

Søklar	Søknad	Tildelt
Austebygda fritidspark	Grasdal, diskgolfbane	285 000,-
Mjåtveitmarka vel.	Mjåtveitmarka, triksebane for sykkel	300 000,-
Mjåtveitmarka vel.	Mjåtveitmarka, pumtrack	300 000,-

		885 000,-
--	--	------------------

Ordinære anlegg 2023

Søkjar	Søknad	Tildelt
IL Kvernbit	Lager/servicebygg	1 000 000,-
IL Kvernbit	Kunstgrasbane I, rehabilitering og lysanlegg	2 360 000,-
Hordabø IL	Rehabilitering grasbane	135 000,-
Hordabø IL	Idrettshus og lager	848 000,-
Radøy skyttarlag	Idrettshus	1 424 000,-
Lindås skyttarlag	Standplass	1 053 000,-
IL Gular orientering	Kart	160 000,-
Alver kommune	Eldsbu dagsturhytte	415 000,-
Alver kommune	Byngja dagsturhytte	390 000,-
Alver kommune	Vardefjellet dagsturhytte	415 000,-
Bergen og omland friluftsråd	Vallevika gapahuk	93 000,-
Bergen og omland friluftsråd	Io gapahuk	174 000,-
		8 467 000,-

Nærmiljøanlegg 2023

Søkjar	Søknad	Tildelt
Mjåtveitmarka velforeining	Ballbinge, Mjåtveitmarka	268 000,-
Fløsvika ve og vel	Ballbinge, Fløsvika	300 000,-
Alver kommune	Utandørs treningsapparat, Knarvik	239 000,-
		807 000,-

Ordinære anlegg 2022

Søkjar	Søknad	Tildelt
IL Kvernbit	Fossemyra fotballhall	5 000 000,-
Alver kommune	Knarvik Arena, fleirbrukshall	2 838 000,- (rest delutbetaling)
Alver kommune	Lyssett turveg Manger	1 700 000,-
		9 538 000,-

Nærmiljøanlegg 2022

Søkjar	Søknad	Tildelt
Manger IL	Minibane kunstgras + lys, Grønålen	454 000,-
Manger IL	Pump track, Grønålen	251 000,-
Manger IL	Buldrestein, Grønålen	167 000,-
Manger IL	Utandørs treningsapparat, Grønålen	75 000,-
Mjåtveitmarka velforeining	Ballbinge, Mjåtveitmarka	266 000,-
Alver kommune	UU-baderampe, Nesvatnet	53 000,-
Alver kommune	Utandørs treningsapparat, Grønålen	171 000,-
Alver kommune	Aktivitetspark, Manger skule	282 000,-
Alver kommune	Aktivitetsanlegg, Sæbø skule	300 000,-
		2 019 000,-

Økonomiske konsekvensar

Spelemidler er med og delfinansierer private og offentlege idretts-, aktivitets- og friluftslivsanlegg.

Miljømessige konsekvensar

Ingen kjende miljømessige konsekvensar.

Organisasjonsmessige konsekvensar

Ingen kjende organisasjonsmessige konsekvensar.

Risiko

Ingen kjende risikoar.

Kommunedirektøren si tilråding

Kommunedirektøren tilrår at kommunestyret godkjenner prioritering av spelemidler slik den ligg føre i saka.